



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
011/24	Eldrerådet	12.03.2024
014/24	Ungdomsrådet	18.03.2024
010/24	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	12.03.2024
016/24	Utvalet for helse og omsorg	13.03.2024
027/24	Utvalet for næring og miljø	13.03.2024
015/24	Utvalet for oppvekst og kultur	13.03.2024
042/24	Formannskapet	14.03.2024
020/24	Kommunestyret	21.03.2024

Tenesteanalyse - nivå på innsparing og omstilling

Vedtak i Kommunestyret 21.03.2024:

1. Sunnfjord kommune planlegg for ei samla innsparing innanfor ei ramme på 121 mill. kroner og omstilling innanfor ei ramme på 84 mill. kroner i perioden 2024 - 2032.
2. Tenesteanalysen skal halde fram og bli meir konkret på kva dei ulike sektorane og tenestene har av effektiviseringspotensial.
3. Innsparingspotensial som følge av kommunesamanslåinga skal synleggjerast.
4. Omfang av omstilling og innsparing vert fordelt på sektorane etter forventast realistisk innsparingspotensiale.
5. I det vidare arbeidet skal det gå fram kva innsparingar som vil kunne løysast gjennom reduserte kostnader som følge av nedgang i barnetal.
6. Innsparingstiltak skal vurderast opp mot
 - a. forsvarleg og god drift i dei ulike tenesteområda.
 - b. overordna mål i samfunnsdelen av kommuneplanen
 - c. tidleg innsats og førebyggjande effekt
7. Tidspunkt for gjennomføring av dei ulike innsparings- og omstillingstiltaka skal vurderast ved framlegging av dei ulike tiltaka.
8. Framlegg til tiltak skal utarbeidast med innbyggjarinvolvering og i tett dialog med tillitsvalde.
9. Kommunedirektøren skal ha tett dialog med formannskapet i prosessen med utarbeiding og prioritering av tiltak. Om det er hensiktsmessig skal det gjennomførast eigne møte der dette er tema.

10. Plan for innsparing av 71 mill. kroner i perioden 2035 - 2039 vert å kome tilbake til i ein seinare folkevald-periode.

Innstilling frå Formannskapet 14.03.2024:

Sunnfjord kommune planlegg for ei samla innsparing på 121 mill. kroner og omstilling på 84 mill. kroner i perioden 2024 -2032. Dersom føresetnadane endrar seg kan tiltak utsetjast eller avviklast.

Tidspunkt for gjennomføring av dei ulike innsparings- og omstillingstiltaka skal vurderast ved framlegging av dei ulike tiltaka i mai/ juni 2024.

Omfang av omstilling og innsparing vert fordelt på sektorane etter forventta demografisk utvikling og innsparingspotensiale samanlikna med andre kommunar.

Plan for innsparing av 71 mill. kroner i perioden 2035 - 2039 vert å kome tilbake til i ein seinare folkevaldperiode.

Tenesteanalysen skal halde fram og bli meir konkret på kva dei ulike sektorane og tenestene har effektiviseringspotensiale.

Framlegga til nivå på innsparing og omstilling må vere realistisk innretta både i nivå ,tid for effekt og ved at det er samsvar mellom tenesteanalyse og tiltak.

Innsparingstiltaka i den fyrste fireårsperioden må heile tida vurderast opp mot forsvarleg og god drift i dei ulike tenesteområda.

Tidleg innsats og førebyggjande arbeid må prege innsparings- og omstillingsprosessen. Viktig at brukarorganisasjonane og brukarinnvolvering vert ivareteke i arbeidet.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunnfjord kommune planlegg for ei samla innsparing på 121 mill. kroner og omstilling på 84 mill. kroner i perioden 2024 - 2032. Dersom føresetnadane endrar seg kan tiltak utsetjast eller avviklast.

Tidspunkt for gjennomføring av dei ulike innsparings- og omstillingstiltaka skal vurderast ved framlegging av dei ulike tiltaka i mai/ juni 2024.

Omfang av omstilling og innsparing vert fordelt på sektorane etter forventta demografisk utvikling og innsparingspotensiale samanlikna med andre kommunar.

Plan for innsparing av 71 mill. kroner i perioden 2035 - 2039 vert å kome tilbake til i ein seinare folkevaldperiode.

Bakgrunn for saka

[Kunnskapsgrunnlag](#) for tenesteanalyse er [presentert](#) i formannskap 8. februar og kommunestyre 15. februar 2024.

Denne saka gjeld neste steg i prosessen, å definere nivå på innsparing og omstilling. Saka vert lagt fram for råd og utval til uttale.

Deretter skal det utarbeidast forslag til innsparing- og omstillingstiltak. Desse skal leggjast fram i mai/juni 2024.

Gjennom arbeidet med tenesteanalyse skal vi planlegge tiltak for å tilpasse drifta til økonomiske føresetnader og møte demografiske endringar med færre barnehagebarn og skuleelevar og fleire eldre. Dersom føresetnader endrar seg til dømes på grunn av auka tal busetting av flyktningar, så kan vi utsetje eller i beste fall unngå å gjennomføre alle planlagde tiltak. Mål for arbeidet med både innsparing og omstilling er gode tenester til innbyggjarane våre og vidareutvikling av Sunnfjord kommune innanfor rammene av ein berekraftig økonomi.

Saksutgreiing

Status økonomi

Kommunestyret vedtok [økonomi- og handlingsplan 2024-2027](#) i møte 16. juni 2023. Det er vedteke ei trinnvis opptrapping av effektiviserings- og innsparingstiltak med mål om 40 mill. kroner i økonomiplanperioden, det vil seie 10 mill. kroner i 2024, auka med 10 mill. kroner til totalt 20 mill. kroner i 2025, auka med 10 mill. kroner til totalt 30 mill. kroner i 2026 og ytterlegare 10 mill. kroner til totalt 40 mill. kroner i 2027.

Kommunestyret vedtok [årsbudsjett 2024](#) i møte 15. desember 2023; Vedteken økonomi- og handlingsplan for Sunnfjord kommune 2024–2027 er lagt til grunn for årsbudsjett 2024:

- Nye innsparingstiltak på 10 mill. kroner er justert til 5 mill. kroner med effekt frå 2. halvår 2024
- Nye driftstiltak med unntak av prioritert tiltak 1 er ikkje innarbeidd, då det ikkje er økonomisk handlingsrom
- Prioriterte investeringsprosjekt er følgt opp, men nokre investeringar er foreslått skyvd til 2025 for å saldere driftsbudsjettet for 2024

Innmeldt behov frå sektorane til årsbudsjett 2024 summerer seg til ca. 60 mill. kroner. Dette ser vi og igjen i rapportering av meirforbruk i 2023 med 42,4 mill. kroner. Det er ikkje handlingsrom til å styrke sektorane sine rammer i årsbudsjett 2024 utanom at omsorg er tilført 2,5 mill. kroner i samsvar med prioritert tiltak 1 i økonomiplan. Sektorane må derfor tilpasse drifta si til dei budsjettrammer justert for pris- og lønsvekst.

Rekneskap 2023 er avslutta og overlevert til revisjonen. Politisk sak om årsrekneskap 2023 vert lagt fram i mai 2024.

- Siste offentlege budsjetttrapport for 2023 var [månadsrapport pr. oktober](#). Den viste meirforbruk i sektorane på totalt 37,6 mill. kroner, der omsorg utgjør 31,6 mill. kroner. Auka skatteinntekter og redusert avsetning til disposisjonsfondet finansierer meirforbruket
- Ved årsslutt er tilskot til ressurskrevjande tenester for 2023 berekna. Dette viser seg å auke med 19 mill. kroner som følgje av auka tal vedtakstimar og auka timepris. Meirforbruket i omsorg er derfor redusert til 16 mill. kroner og samla resultat for kommunen er betra tilsvarande.

Handlingsreglar

Kommunar med sunn og berekraftig økonomi, og stort handlingsrom, er kjenneteikna ved netto driftsresultat (overskot) på minimum 1,75 %, netto lånegjeld på 50 % og disposisjonsfond på 10 % av brutto driftsinntekter. Etter ny kommunelov er kommunane pliktig å vedta handlingsreglar for definerte nøkkeltal.

Rekneskap 2020 til 2022 viser noko svakt netto driftsresultat med 1,6 % av driftsinntektene i gjennomsnittleg driftsresultat. Kommunen fekk desse åra høgare skatteinntekter enn budsjettert. Dette burde tilseie høgare netto driftsresultat, men meirforbruk i sektorane (sjå omtale nedanfor) reduserte netto driftsresultat desse åra. Netto lånegjeld er redusert frå 97 % av driftsinntektene i 2020 til 93 % av driftsinntektene i 2022 ved å ikkje auke lånegjelda utover årleg betalte avdrag. Disposisjonsfondet er svakt men stabilt på 5,3 % av driftsinntektene i gjennomsnitt for åra 2020-2022.

Førebels rekneskapsresultat for 2023 viser svakare netto driftsresultat enn gjennomsnittet for åra 2020-2022.

Årsbudsjett 2024 er vedteke med ei netto driftsresultat på 0,4 % av driftsinntektene.

Økonomiplanen har budsjettert netto driftsresultat på 1,7 % av driftsinntektene årleg. Renteutgifter er budsjettert 5-10 mill. kroner for lågt ut frå oppdaterte rentebaner frå Norges Bank. Auke i sum driftsinntekter tilseier eit realistisk netto driftsresultat på 1,0 - 1,2 %. Netto driftsresultat bør aukast med 20 mill. kroner for å nå langsiktig mål om 2 %. Dette vil og gje tilsvarende årleg auke i eigenkapital til investeringar.

Meirforbruk i sektorane

(tal i 1000 kr)	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Førebels rekneskap 2023	Budsjett 2024	Rev. Budsjett 2024
Meirforbruk i sektorane	13 849	34 318	38 165	30 718	42 000	31 000

Det er stilt spørsmål om budsjettrammene er realistiske. For årsbudsjett 2024 er det spesielt to utfordringar;

- Meirforbruket innan omsorg vart mot slutten av 2023 rapportert til ca 34 mill. kroner. Auka tilskot til ressurskrevjande brukarar på 19 mill. kroner har for 2023 redusert meirforbruket til 15 mill. kroner. For 2024 var det meldt behov for 29 mill. kroner over tildelt ramme. I revidert budsjett er det lagt til grunn auke i tilskot til ressurskrevjande tenester på 12 mill. kroner som reduserer behov innan omsorg til 17 mill. kroner.
- Tilskot til private barnehagar har auka frå 76,3 mill. kroner i 2020 til 98 mill. kroner i 2024. Auka tal barn i private barnehagar, dyr drift av kommunale barnehagar og kontinuerleg barnehageopptak forklarar auken i tilskot. Det manglar 14 mill. kroner i budsjettet for 2024 for å fullfinansiere dette tilskotet.

Nivå på innsparing

Tabellen nedanfor oppsummerer behov for innsparingstiltak. Det er totalt behov for innsparing på 121 mill. kroner for å handtere meirforbruk, budsjetterte innsparingar, handlingsrom til nye tiltak og auka netto driftsresultat. Desse innsparingstiltaka bør ha effekt snarast mogleg.

I 2035 vil Sunnfjord kommune måtte fase ut inndelingstilskot som kommunen fekk behalde sidan kommunesamanslåinga. Inndelingstilskotet er på totalt 71 mill. kroner i 2024-kroner. I ein overgangsperioden på 5 år vil dette tilskotet, som inngår i rammetilskotet, bli trappa ned år for år. Vi må tilsvarende redusere drifta eller auke andre inntekter for 71 mill. kroner i denne perioden.

Innsparing (tal i 1000 kroner)	2024	2025	2026	2027	2028-2034	2035	2036	2037	2038	2039	2040	Totalt
Meirforbruk	- 5 000	-26 000										- 31 000
Budsjetterte innsparingar	- 5 000	-15 000	-10 000	-10 000								- 40 000
Handlingsrom nye tiltak		-10 000	-10 000	-10 000								- 30 000
Netto driftsresultat		-10 000	-10 000									- 20 000
Utfasing av inndelingstilskot						-14 200	-14 200	-14 200	-14 200	-14 200		- 71 000
Sum innsparing	-10 000	-61 000	-30 000	-20 000	-	-14 200	-14 200	-14 200	-14 200	-14 200	-	-192 000

Totalt summerer innsparingsbehovet seg for Sunnfjord kommune til 192 mill. kroner i perioden fram til 2040.

Budsjetterte innsparingar er sum innsparingar i årsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027. Fordelte innsparingar på sektorane i tabell nedanfor er ikkje med i oversikta, og må følgjast opp i tillegg. Desse utgjer i sum 13,6 mill. kroner.

Innsparingar budsjett 2024	
Sektor	Beløp
Kommunedirektør (felle	-5 000 000
Stab og støtte	-2 078 000
Skule	-3 731 000
Barnehage	-3 488 000
Helse og sosial	-1 612 000
Omsorg	-2 472 000
Kultur og idrett	-217 000
SUM	-18 598 000

Nivå på omstilling

KS har utarbeidd ein demografimodell som anslår årlege endringar i kommunen sine utgiftsbehov per tenestoområde som følgje av befolkningsendringar. Tal er oppgitt i 2022 kroner og endringar gjeld frå 1.1.2022.

Tabellen viser auka utgiftsbehov innan pleie- og omsorg anslått til totalt 136 mill. kroner fram til og med 2032, redusert utgiftsbehov innan grunnskule med totalt 61 mill. kroner og barnehage med 23 mill. kroner. Statlege overføringar finansierer netto utgiftsbehov med totalt 49 mill. kroner. Det vil seie at Sunnfjord kommune må gjere omstillingstiltak innan grunnskule, barnehage, sosial og barnevern for å møte auka utgiftsbehov innan pleie- og omsorg og helse.

Behovet for å gjere omstillingstiltak er allereie gjeldande for fleire av tenestoområda.

Anslag årlig endring i kommunens utgiftsbehov per tjenestoområde som følge av befolkningsendringer							
(2022 kroner og endring fra 1.1.2022) (tal i 1000 kroner)							
Utgiftsbehov per 1.1	Pleie- og omsorg Grunnskule Barnehage Sosial Helse Barnevern						Sum
2023	7 197	-8 649	5	106	661	-687	-1 366
2024	4 494	-6 605	5	-41	510	-945	-2 581
2025	12 041	-4 718	-5 035	-213	566	-832	1 809
2026	15 455	-4 403	-8 118	-237	638	-951	2 384
2027	16 800	-11 322	128	-155	733	-876	5 308
2028	17 567	-7 234	-7 798	-14	537	-1 051	2 008
2029	17 770	-4 718	-2 752	-275	589	-697	9 917
2030	13 677	-2 044	-496	-290	591	-384	11 054
2031	18 035	-8 335	64	-40	545	-756	9 514
2032	13 114	-2 988	981	-455	596	-345	10 903
Sum 2023-2032	136 150	-61 015	-23 015	-1 615	5 966	-7 523	48 948

Med bakgrunn i anslag på demografiske endringar summerer behovet for omstilling seg til 83,9 mill. kroner i tabell nedanfor. Midlar som blir fristilt gjennom omstilling skal hovudsakleg gå til pleie- og omsorg men og noko til helse.

Omstilling (tal i 1000 kroner)	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033-2040	Totalt
Grunnskule	- 6 605	- 4 718	- 4 403	- 11 322	- 7 234	- 4 718	- 2 044	- 8 335	- 2 988		- 52 367
Barnehage	5	- 5 035	- 8 118	128	- 7 798	- 2 752	- 496	64	981		- 23 021
Sosial	- 41	- 213	- 237	- 155	- 14	- 275	- 290	- 40	- 455		- 1 720
Barnevern	- 945	- 832	- 951	- 876	- 1 051	- 697	- 384	- 756	- 345		- 6 837
Sum omstilling	- 7 586	- 10 798	- 13 709	- 12 225	- 16 097	- 8 442	- 3 214	- 9 067	- 2 807	-	- 83 945

Oppsummert

Tabellen nedanfor viser forslag til fordeling av nivå på innsparingstiltak innanfor kvart tenesteområde. Kunnskapsgrunnlaget i tenesteanalysen er lagt til grunn, der vi ikkje har med tenesteområde vi per rekneskap 2022 driv meir effektivt enn kostragruppe 9. Dette gjeld tenesteområda kommunehelse, sosiale tenester og kommunale bustadar.

Innsparing	2024	2025	2026	2027	2028-2034	Totalt
Grunnskule	- 1 480	- 9 030	- 4 441	- 2 961		- 17 912
Pleie og omsorg	- 702	- 4 280	- 2 105	- 1 403		- 8 490
Barnevern	- 794	- 4 844	- 2 382	- 1 588		- 9 609
Barnehage	- 3 292	- 20 082	- 9 877	- 6 584		- 39 836
Kultur og idrett	- 85	- 517	- 254	- 170		- 1 026
Plan, kulturminner, natur og n	- 370	- 2 258	- 1 110	- 740		- 4 478
Adm, styring og fellesutgifter	- 270	- 1 646	- 810	- 540		- 3 265
Brann og ulykkesvern	- 547	- 3 339	- 1 642	- 1 095		- 6 624
Samferdsel	- 1 773	- 10 817	- 5 320	- 3 547		- 21 457
Næringsforvalt. og konsesjons	- 285	- 1 740	- 856	- 571		- 3 452
Landbruk	- 46	- 282	- 139	- 93		- 560
Kyrkje	- 355	- 2 163	- 1 064	- 709		- 4 291
Sum innsparing	- 10 000	- 61 000	- 30 000	- 20 000	-	- 121 000

Innsparingstiltak på totalt 71 mill. kroner i perioden 2035 til 2039 vert å kome tilbake til og konkludere på 3-4 år før tiltak skal gjennomførast.

Sum innsparing og omstilling i perioden 2024-2032 utgjør 205 mill. kroner og fordeler seg med 70 mill. kroner på grunnskule, 63 mill. kroner på barnehage, 21 mill. kroner på samferdsle, 16 mill. kroner på barnevern og totalt 34 mill. kroner til dei resterande tenesteområda.

Innsparing og omstilling	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	Totalt
Grunnskule	- 8 085	- 13 748	- 8 844	- 14 283	- 7 234	- 4 718	- 2 044	- 8 335	- 2 988	-	-	- 70 279
Pleie og omsorg	- 702	- 4 280	- 2 105	- 1 403	-	-	-	-	-	-	-	- 8 490
Barnevern	- 1 739	- 5 676	- 3 333	- 2 464	- 1 051	- 697	- 384	- 756	- 345	-	-	- 16 446
Barnehage	- 3 287	- 25 117	- 17 995	- 6 456	- 7 798	- 2 752	- 496	64	981	-	-	- 62 857
Sosiale tjenester	- 41	- 213	- 237	- 155	- 14	- 275	- 290	- 40	- 455	-	-	- 1 720
Kultur og idrett	- 85	- 517	- 254	- 170	-	-	-	-	-	-	-	- 1 026
Plan, kulturminner, natur og n	- 370	- 2 258	- 1 110	- 740	-	-	-	-	-	-	-	- 4 478
Adm, styring og fellesutgifter	- 270	- 1 646	- 810	- 540	-	-	-	-	-	-	-	- 3 265
Brann og ulykkesvern	- 547	- 3 339	- 1 642	- 1 095	-	-	-	-	-	-	-	- 6 624
Samferdsel	- 1 773	- 10 817	- 5 320	- 3 547	-	-	-	-	-	-	-	- 21 457
Næringsforvalt. og konsesjons	- 285	- 1 740	- 856	- 571	-	-	-	-	-	-	-	- 3 452
Landbruk	- 46	- 282	- 139	- 93	-	-	-	-	-	-	-	- 560
Kirke	- 355	- 2 163	- 1 064	- 709	-	-	-	-	-	-	-	- 4 291
Sum innsparing og omstilling	- 17 586	- 71 798	- 43 709	- 32 225	- 16 097	- 8 442	- 3 214	- 9 067	- 2 807	-	-	- 204 945

Vurdering

Kommunedirektøren meiner det er nødvendig å planlegge for samla innsparing og omstilling på 205 mill. kroner i perioden 2024 - 2032. Dersom føresetnadane endrar seg kan tiltak utsetjast eller i beste fall unngår vi å måtte gjennomføre alle planlagde tiltak. I tillegg er det behov for innsparing på 71 mill. kroner i perioden 2035 - 2039 då inndelingstilskotet skal fasast ut over 5 år.

Tillitsvalde kommenterer at det er urealistisk med stor effekt av innsparingstiltak i 2024 og 2025, og at det er behov for ein trinnvis plan. Kommunedirektøren meiner at alle innsparingstiltak skal vurdere realistisk framdrift. Det skal prioriterast tiltak som gir reell innsparing framfor tidspunkt for effekt av innsparing.

Viser elles til kommentar frå tillitsvalde i eige vedlegg til saka. Dei meiner nivå på samla innsparing er urealistisk. Kommunedirektøren meiner vi må planlegge for innsparing på 121 mill. kroner, så får vi løpande vurdere om føresetnadane endrar seg slik at tiltak kan utsetjast eller ikkje gjennomførast.

Omtale av konsekvens

Tenesteområde barnehage:

Tenesteanalysen syner at vi er dyrast av dei kommunane vi samanliknar oss med og at kostnadane er betydeleg over kostra gruppe 9. Vi har eit areal per barn 8, 4 kvm per barn som er 1,8 kvadratmeter meir enn snittet i kostra gruppa 9. Dette kjem av at vi har eit desentralisert barnehagetilbod både i grendene og i sentrum av Førde med 10 kommunale barnehagebygg i tillegg til 3 private i sentrumskjerna.

Vi har eit meir fleksibelt barnehagetilbod til småbarnsforeldre enn dei kommunane vi samanliknar oss med. Vi har eit kontinuerleg opptak som sikrar tilflyttarar og barn utan rett til barnehageplass tilbod utan at dei har søkt etter hovudopptaket. Alle kommunale barnehagar som har meir enn 2 avdelingar er heilårsopne barnehagar, dei minste barnehagane har stengt 3 veker om sommaren elles har vi ferietilbod i kvar barnehage i alle feriar. Vi tilbyr alle typar plass frå to dagars tilbod til full plass.

Desentralisert struktur betyr at vi brukar mange stillingar til administrasjon, det er krav til styrar i alle barnehagar og større barnehagar bør ha assisterande styrar. Det er barnehagelærarar eller annan pedagogisk kompetanse som blir brukt i administrative stillingar som ikkje tel i pedagognorma. Ser ein på rekrutteringa til barnehagelærarstudie og auke i tal dispensasjonar kan vi få utfordringar med å ha pedagogisk kompetanse i alle barnegrupper framover. Den desentraliserte strukturen gjev forskjellar i kor mange barn det er per tilsett i dei ulike barnehagane. Alle barnehagar må ha eit driftsbudsjett.

Barnetalet går raskare ned enn framskrivingar, men vi får ikkje tilstrekkeleg effekt av nedgang i barnetalet utan å ta ned tal barnehagar og sjå på nivået på tenestetilbodet. Endringane kan vi med dagens regelverk berre gjere i kommunal sektor, vidare er tilskotet til private rekna ut med utgangpunkt i rekneskapstal 2 år tilbake så det vil ta to år frå endringa til ein får full effekt av ei innsparing

Tenesteområdet skule

Tenesteanalysen sin konklusjon er at Sunnfjord kommune har ein struktur som er kostnadskrevjande. På dei fleste område driv vi likevel meir effektivt enn kommunar vi samanliknar oss med. Vi nyttar mindre på spesialundervisning og undervisning enn fleire av kommunane i tenesteanalysen. Vi har høg dekningsgrad i SFO, men har likevel ikkje eit

særleg innsparingspotensiale. Vi peikar oss ut ved at vi har driftar fleire ungdomsskular enn tilsvarande kommunar. Ungdomsskular har ein høgare kostnad enn barneskular.

Samla sett oppfyller Sunnfjord kommune lova om lærardekning med 15 elevar per lærarårsverk på 1.-4. klasse og 20 elevar på 5.-10. klasse. Fleire av dei store skulane er på grensa til å oppfylle kravet. Konsekvensen av ei innsparing og omstilling på 70 mill. kroner inneber at Sunnfjord kommune ikkje vil kunne oppfylle kravet om lærardekning, eller tilby tilstrekkeleg med spesialundervisning og norskopplæring for framandspråklege elevar. Berre konsekvensen av å redusere med 45 mill. kroner i perioden 2024-2027 vil innebære ein reduksjon på 52 lærarstillingar, timar som må takast frå spesialundervisning, tilpassa opplæring og norsk for framandspråklege. Tenesteanalysen viser at vi ikkje får tilstrekkeleg effekt av elevtalsnedgangen i form av reduserte klassar.

Konsekvensen av omstilling og innsparing er ein større endring av skulestrukturen. Talet på ungdomsskular og barneskular må reduserast for å tilpasse kapasiteten til elevtalet og for å nå krava til sektoren. Ei slik omstilling vil ta tid og ei endring i struktur vil ikkje få heilårseffekt før året etter ei endring.

Tenesteområde pleie og omsorg

Tenesteanalysen syner at Sunnfjord kommune driftar pleie- og omsorgstenestene med eit middels-høgt kostnadsnivå i høve samanlikningskommunane. Pris pr. institusjonsplass og kjøp av KAD plassar (Kommunal akutt døgnplassar) ligg høgt samanlikna med dei andre. Tenesteanalysen vert «forstyrra» av Sunnfjord kommune si organisering av omsorgssenter - nokre institusjonsplassar er definert som omsorgsbustadar med heimetenester.

Tenesteanalyse gjennomført i 2022/23, innan brukarar med Psykisk utviklingshemming (PU) viser at Sunnfjord har god ressurseffektivitet, med god kvalitet innan tenestene knytt til brukarar med PU.

Årsverk i pleie og omsorg er lågare enn samanlikningskommunane, men kostnadane er høgare. Forklaringa er m.a. bruk av overtid, vikarar, vikarbyrå. Einingane vert sårbare ved fråvær når grunnbemanninga er låg og det vert dyre løysingar for å dekke kravet til kompetanse. Ei høgare grunnbemanning vil gje eit mindre press på personalet, og ha positive effektar som t.d. redusert sjukefråvær.

Den demografiske utviklinga med fleire eldre i kommunen, tilseier at tenesteområdet pleie- og omsorg må styrkast framover. Det er av den grunn utfordrande å ta ned kostnadane. Konsekvensen av ei innsparing på 8,5 mill. kroner er at tildeling av tenester, tenestestandardane, må takast ned. Det vert ikkje mogeleg å yte tenester ut over det som trengst for å oppfylle kravet om fagleg forsvarlege tenester.

Sektoren må sette inn tiltak som kan effektivisere drifta, utsette kostnadar og få eit rett kostnadsnivå. Tenesteanalysen gir grunnlag for å sjå på organisering av tilbodet innan institusjon- og heimetenester. Sektoren er stor, det er døgndrift og mange tilsette. Ei omstilling tek tid.

Barnevern

I tenesteanalysen har ein påpeika at barnevern er ein av dei tenestene so blir påverka av demografiendringa. Det vil vere naturleg at her vil det vere eit potensiale over tid for overføring av midlar til andre tenester. Det er viktig å ha med seg at ein allereie er starta på dette arbeidet, då ein har overført midlar i frå barnevern til førebyggjande arbeid innan psykisk helse barn og unge. Skal ein få reduserte utgifter i framtida, så må ein fortsatt dreie fokuset over på meir førebyggjande arbeid og tidleg innsats, og må vere ein del av omstillingsprosessane.

Samferdsel

Brøytekontraktene går ut til og med 2025 + 2 års opsjon. Tidspunkt for innsparing vil avhenge av dette. Dårlig standarden på dei kommunale vegane i dag, og etterslep på vedlikehaldet av kommunale vegar, gjer det utfordrande å redusere samferdsel med 21.5 mill.kr. Kvaliteten på vedlikehald av kommunale vegar, parkar, anlegg og brøyting m.m., vil bli svekka.

Brann og redning

Innsparing vil utfordre brannordninga til kommunen og lov og forskriftskrav. Kvaliteten på brannvesenet sitt arbeid vil bli svekka.

Plan, kulturminner, natur og nærmiljø

Innsparing/omstilling vil gå ut over kvaliteten og kvantiteten på m.a. handsaming av planar, byggesaker og frådelingar m.m.

Førde, den 06.03.2024

Terje Heggheim
kommunedirektør

Lise Mari Haugen
ass. kommunedirektør

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Kommunestyret 21.03.2024:

Endringsframlegg V, Sp, H, INP, MDG, KrF, SV, Ap og FrP, fremja av Gunn Merete Paulsen (V):

1. Sunnfjord kommune planlegg for ei samla innsparing innanfor ei ramme på 121 mill. kroner og omstilling innanfor ei ramme på 84 mill. kroner i perioden 2024 - 2032.
2. Tenesteanalysen skal halde fram og bli meir konkret på kva dei ulike sektorane og tenestene har av effektiviseringspotensial.
3. Innsparingspotensial som følge av kommunesamanslåinga skal synleggjerast.
4. Omfang av omstilling og innsparing vert fordelt på sektorane etter forventa realistisk innsparingspotensiale.
5. I det vidare arbeidet skal det gå fram kva innsparingar som vil kunne løysast gjennom reduserte kostnader som følge av nedgang i barnetal.
6. Innsparingstiltak skal vurderast opp mot
 - a. forsvarleg og god drift i dei ulike tenesteområda.
 - b. overordna mål i samfunnsdelen av kommuneplanen

c. tidleg innsats og førebyggjande effekt

7. Tidspunkt for gjennomføring av dei ulike innsparings- og omstillingstiltaka skal vurderast ved framlegging av dei ulike tiltaka.
8. Framlegg til tiltak skal utarbeidast med innbyggjarinvolvering og i tett dialog med tillitsvalde.
9. Kommunedirektøren skal ha tett dialog med formannskapet i prosessen med utarbeiding og prioritering av tiltak. Om det er hensiktsmessig skal det gjennomførast eigne møte der dette er tema.
10. Plan for innsparing av 71 mill. kroner i perioden 2035 - 2039 vert å kome tilbake til i ein seinare folkevald-periode.

Kommunedirektøren v/Terje Heggheim og Lise Mari Haugen innleia med ei orientering om tenesteanalysen og førebels årsrekneskap 2023.

Alternativ avstemming:

Formannskapet si innstilling fekk ingen stemmer og **fall**

Kommunestyret sitt fellesforslag vart **einstemmig vedteke**

KST-020/24 Vedtak:

1. Sunnfjord kommune planlegg for ei samla innsparing innanfor ei ramme på 121 mill. kroner og omstilling innanfor ei ramme på 84 mill. kroner i perioden 2024 - 2032.
2. Tenesteanalysen skal halde fram og bli meir konkret på kva dei ulike sektorane og tenestene har av effektiviseringspotensial.
3. Innsparingspotensial som følge av kommunesamanslåinga skal synleggjerast.
4. Omfang av omstilling og innsparing vert fordelt på sektorane etter forventast realistisk innsparingspotensiale.
5. I det vidare arbeidet skal det gå fram kva innsparingar som vil kunne løysast gjennom reduserte kostnader som følge av nedgang i barnetal.
6. Innsparingstiltak skal vurderast opp mot
 - a. forsvarleg og god drift i dei ulike tenesteområda.
 - b. overordna mål i samfunnsdelen av kommuneplanen
 - c. tidleg innsats og førebyggjande effekt
7. Tidspunkt for gjennomføring av dei ulike innsparings- og omstillingstiltaka skal vurderast ved framlegging av dei ulike tiltaka.
8. Framlegg til tiltak skal utarbeidast med innbyggjarinvolvering og i tett dialog med tillitsvalde.
9. Kommunedirektøren skal ha tett dialog med formannskapet i prosessen med utarbeiding og prioritering av tiltak. Om det er hensiktsmessig skal det gjennomførast eigne møte der dette er tema.
10. Plan for innsparing av 71 mill. kroner i perioden 2035 - 2039 vert å kome tilbake til i ein seinare folkevald-periode.

Behandling i Ungdomsrådet 18.03.2024:

Fellesforslag til uttale frå ungdomsrådet, fremja av Wiktorja Bujnicka ():

Tidleg innsats og førebyggjande arbeid må prege innsparings- og omstillingsprosessen. Det er viktig at tilbodet innan psykisk helse ikkje blir svekka.

Ungdomsrådet ser behovet for endring av strukturen for ungdomsskulane, dette kan ha både positive og negative konsekvensar. Ungdomsrådet ber om tett involvering i denne prosessen.

Ungdomsrådet ber også om å bli involvert i det vidare arbeidet med andre innsparingstiltak som angår ungdom.

Ass. kommunedirektør Lise Mari Haugen innleia med ei orientering om saka.

Avstemming:

Ungdomsrådet sitt fellesforslag vart **einstemmig godkjent**

UR-014/24 Vedtak:

Tidleg innsats og førebyggjande arbeid må prege innsparings- og omstillingsprosessen. Det er viktig at tilbodet innan psykisk helse ikkje blir svekka.

Ungdomsrådet ser behovet for endring av strukturen for ungdomsskulane, dette kan ha både positive og negative konsekvensar. Ungdomsrådet ber om tett involvering i denne prosessen.

Ungdomsrådet ber også om å bli involvert i det vidare arbeidet med andre innsparingstiltak som angår ungdom.

Behandling i Formannskapet 14.03.2024:

Felles tilleggsframlegg (formannskapet), fremja av Åsmund Berthelsen (SV):

1. Tenesteanalysen skal halde fram og bli meir konkret på kva dei ulike sektorane og tenestene har effektiviseringspotensiale
2. Framlegga til nivå på innsparing og omstilling må vere realistisk innretta både i nivå ,tid for effekt og ved at det er samsvar mellom tenesteanalyse og tiltak
3. Innsparingstiltaka i den fyrste fireårsperioden må heile tida vurderast opp mot forsvarleg og god drift i dei ulike tenesteområda.
4. Tidleg innsats og førebyggjande arbeid må prege innsparings- og omstillingsprosessen. Viktig at brukarorganisasjonane og brukarinnvolvering vert ivareteke i arbeidet.

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg, med fellesframlegget vart **einstemmig tilrådd**

FORM-042/24 Vedtak:

Sunnfjord kommune planlegg for ei samla innsparing på 121 mill. kroner og omstilling på 84 mill. kroner i perioden 2024 -2032. Dersom føresetnadane endrar seg kan tiltak utsetjast eller avviklast.

Tidspunkt for gjennomføring av dei ulike innsparings- og omstillingstiltaka skal vurderast ved framlegging av dei ulike tiltaka i mai/ juni 2024.

Omfang av omstilling og innsparing vert fordelt på sektorane etter forventta demografisk utvikling og innsparingspotensiale samanlikna med andre kommunar.

Plan for innsparing av 71 mill. kroner i perioden 2035 - 2039 vert å kome tilbake til i ein

seinare folkevaldperiode.

Tenesteanalysen skal halde fram og bli meir konkret på kva dei ulike sektorane og tenestene har effektiviseringspotensiale.

Framlegga til nivå på innsparing og omstilling må vere realistisk innretta både i nivå ,tid for effekt og ved at det er samsvar mellom tenesteanalyse og tiltak.

Innsparingstiltaka i den fyrste fireårsperioden må heile tida vurderast opp mot forsvarleg og god drift i dei ulike tenesteområda.

Tidleg innsats og førebyggjande arbeid må prege innsparings- og omstillingsprosessen. Viktig at brukarorganisasjonane og brukarinnvolvering vert ivareteke i arbeidet.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 13.03.2024:

Fellesframlegg frå AP og Høgre, fremja av Ove Farsund (Ap):

1. Den langsiktige planen for innsparing og omstilling vert vedteke som rettleiande for økonomiplan- og budsjettarbeidet framover
2. Tenesteanalysen skal halde fram og bli meir konkret på kva dei ulike sektorane og tenestene har effektiviseringspotensiale på
3. Framlegga til nivå på innsparing og omstilling må vere realistisk innretta både i nivå, tid for effekt og ved at det er samsvar mellom tenesteanalyse og tiltak.

Lise Mari Haugen, ass. kommunedirektør, innleia med ei orientering om saka.

Avstemming:

Kommunedirektøren fekk 3 stemmer (V, INP) og **fall**

AP og Høgre sitt framlegg fekk 8 stemmer (Ap, H, Sp, SV) og **vart tilrådd**

UNM-027/24 Vedtak:

1. Den langsiktige planen for innsparing og omstilling vert vedteke som rettleiande for økonomiplan- og budsjettarbeidet framover
2. Tenesteanalysen skal halde fram og bli meir konkret på kva dei ulike sektorane og tenestene har effektiviseringspotensiale på
3. Framlegga til nivå på innsparing og omstilling må vere realistisk innretta både i nivå, tid for effekt og ved at det er samsvar mellom tenesteanalyse og tiltak.

Behandling i Utvalet for helse og omsorg 13.03.2024:

Tilleggsforslag , fremja av Magne Aardal (SV):

Utval for helse og omsorg meiner det er positivt at det er sett i gong ein tenesteanalyse som skal vurdere heile drifta i Sunnfjord kommune. Utvalet vil samtidig peike på at nivået på innsparingstiltaka i fireårsperioden verkar urealistiske, og dei må heile tida vurderast opp mot forsvarleg og god drift i dei ulike tenesteområda.

Ass. kommunedirektør Lise Mari Haugen møtte, orienterte og svara på spørsmål.

Magne Aardal SV fremja følgjande tillegg til kommunedirektøren sitt framlegg: Utval for helse og omsorg meiner det er positivt at det er sett i gong ein tenesteanalyse som skal vurdere heile drifta i Sunnfjord kommune. Utvalet vil samtidig peike på at nivået på innsparingstiltaka i fireårsperioden verkar urealistiske, og dei må heile tida vurderast opp mot forsvarleg og god drift i dei ulike tenesteområda.

Avrøysting:

Det vart først røysta over tillegget fremja av Magne Aardal SV. Tilleggsframlegget vart vedteke med leiar Magne Aardal SV si dobbelrøyst 5 (Ap 2, SV 2) mot 4 røyster (Sp 2, H, KrF).

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart **samrøystes godkjend.**

Vedtaket til utval for helse og omsorg vart slik:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med slikt tillegg: Utval for helse og omsorg meiner det er positivt at det er sett i gong èin tenesteanalyse som skal vurdere heile drifta i Sunnfjord kommune. Utvalet vil samtidig peike på at nivået på innsparringstiltaka i fireårsperioden verkar urealistiske, og dei må heile tida vurderast opp mot forsvarleg og god drift i dei ulike tenestekområda.

UHO-016/24 Vedtak:

Sunnfjord kommune planlegg for ei samla innsparring på 121 mill. kroner og omstilling på 84 mill. kroner i perioden 2024 - 2032. Dersom føresetnadane endrar seg kan tiltak utsetjast eller avviklast.

Tidspunkt for gjennomføring av dei ulike innsparrings- og omstillingstiltaka skal vurderast ved framlegging av dei ulike tiltaka i mai/ juni 2024.

Omfang av omstilling og innsparring vert fordelt på sektorane etter forventna demografisk utvikling og innsparringspotensiale samanlikna med andre kommunar.

Plan for innsparring av 71 mill. kroner i perioden 2035 - 2039 vert å kome tilbake til i ein seinare folkevaldperiode.

Utval for helse og omsorg meiner det er positivt at det er sett i gong èin tenesteanalyse som skal vurdere heile drifta i Sunnfjord kommune. Utvalet vil samtidig peike på at nivået på innsparringstiltaka i fireårsperioden verkar urealistiske, og dei må heile tida vurderast opp mot forsvarleg og god drift i dei ulike tenestekområda.

Behandling i Utvalet for oppvekst og kultur 13.03.2024:

Kort orientering ved kommunedirektør Terje Heggheim

Avrøysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes tilrådd**

UOK-015/24 Vedtak:

Sunnfjord kommune planlegg for ei samla innsparring på 121 mill. kroner og omstilling på 84 mill. kroner i perioden 2024 - 2032. Dersom føresetnadane endrar seg kan tiltak utsetjast eller avviklast.

Tidspunkt for gjennomføring av dei ulike innsparrings- og omstillingstiltaka skal vurderast ved framlegging av dei ulike tiltaka i mai/ juni 2024.

Omfang av omstilling og innsparring vert fordelt på sektorane etter forventna demografisk utvikling og innsparringspotensiale samanlikna med andre kommunar.

Plan for innsparring av 71 mill. kroner i perioden 2035 - 2039 vert å kome tilbake til i ein seinare folkevaldperiode.

Behandling i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 12.03.2024:

Felles framlegg til tilleggspunkt, fremja av Norunn Ulvedal ():

Tidleg innsats og førebyggjande arbeid må prege innsparrings- og omstillingsprosessen. Viktig at brukarorganisasjonane og brukarinvolvering vert ivareteke i arbeidet

Orientering ved assisterande kommunedirektør Lise Mari Haugen

Avrøysting:

Felles framlegg til tilleggspunkt var **samrøystes vedteke**

Kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggspunkt vart **samrøyste tilrådd**

RMNF-010/24 Vedtak:

Sunnfjord kommune planlegg for ei samla innsparing på 121 mill. kroner og omstilling på 84 mill. kroner i perioden 2024 - 2032. Dersom føresetnadane endrar seg kan tiltak utsetjast eller avviklast.

Tidspunkt for gjennomføring av dei ulike innsparings- og omstillingstiltaka skal vurderast ved framlegging av dei ulike tiltaka i mai/ juni 2024.

Omfang av omstilling og innsparing vert fordelt på sektorane etter forventa demografisk utvikling og innsparingspotensiale samanlikna med andre kommunar.

Plan for innsparing av 71 mill. kroner i perioden 2035 - 2039 vert å kome tilbake til i ein seinare folkevaldperiode.

Tidleg innsats og førebyggjande arbeid må prege innsparings- og omstillingsprosessen.

Viktig at brukarorganisasjonane og brukarinvolvering vert ivareteke i arbeidet

Behandling i Eldrerådet 12.03.2024:

Ass. kommunedirektør Lise Marie Haugen møtte, orienterte og svara på spørsmål.

Avrøysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg vedtak med følgjande tillegg:

Sunnfjord Eldreråd ser det som viktig at kommunen vert istand til å auke og prioritere teneseomfanget i høve den forventa veksten innafor eldregruppa.

Samrøystes godkjend.

ELDR-011/24 Vedtak:

Sunnfjord kommune planlegg for ei samla innsparing på 121 mill. kroner og omstilling på 84 mill. kroner i perioden 2024 - 2032. Dersom føresetnadane endrar seg kan tiltak utsetjast eller avviklast.

Tidspunkt for gjennomføring av dei ulike innsparings- og omstillingstiltaka skal vurderast ved framlegging av dei ulike tiltaka i mai/ juni 2024.

Omfang av omstilling og innsparing vert fordelt på sektorane etter forventa demografisk utvikling og innsparingspotensiale samanlikna med andre kommunar.

Plan for innsparing av 71 mill. kroner i perioden 2035 - 2039 vert å kome tilbake til i ein seinare folkevaldperiode.

Sunnfjord Eldreråd ser det som viktig at kommunen vert istand til å auke og prioritere teneseomfanget i høve den forventa veksten innafor eldregruppa.

Vedlegg i saka:

Presentasjon i kommunestyre 21 03 2024

Presentasjon i kommunestyret 21.03.24 - Saman om omstilling